
Fra: Eirik Netteland <eirik.netteland@ikah.no>
Sendt: tirsdag 28. august 2018 08.27
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: korreksjon - Oppdragsavtale - Radøy

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Korreksjon. Det skulle vere 700 000,- per 100 hyllemeter.

Med venleg helsing

Eirik Netteland

Rådgjevar | 55306098

eirik.netteland@ikah.no | www.ikah.no

Følg oss på:



Fra: Eirik Netteland [<mailto:eirik.netteland@ikah.no>]

Sendt: 28. august 2018 08:24

Til: 'Anne.Dahle.Austrheim@radoy.kommune.no'

Kopi: Helene Reksten

Emne: Oppdragsavtale - Radøy

Hei

Eg forstår det slik at du snakka med Rune på telefon i går og at de ønskjer eit prisestimat. Dersom de ønskjer eit ordningsprosjekt er timeprisen 552,- pluss materiell. (Prisen er å rekne som tilskot og selskapet har ikkje erverv som føremål. Det skal difor ikkje reknast moms for beløpet). Vi tek utgangspunkt i at det vil ta omlag 12,6 timar per hyllemeter frå uordna til ferdig ordna, registrert i ASTA og etikettert. Dette vil gje ein pris på ca. 700 000,- per hyllemeter.

Vi må avklara personalressursar her, men vi er positiv til å ta på oss eit slikt oppdrag. Dersom dette oppdraget vert aktuelt kjem vi til å utforma to kontraktar. Ein for det som går på dei administrative arkiva og ein for rettsdokumentasjon/personregister. Helene Reksten kjem til å vera kontaktpersonen deira i tilhøve til avlevering av personregister.

Arkiva må avsluttast før vi kan ta det inn. Det vil seie at de må sjekke at det er samsvar mellom den digitale basen og det fysiske arkivet.

Vi kjem gjerne på synfaring ein dag.

Med venleg helsing

Eirik Netteland

Rådgjevar | 55306098

eirik.netteland@ikah.no | www.ikah.no

Følg oss på:



Fra: Anne Dahle Austrheim [<mailto:Anne.Dahle.Austrheim@radoy.kommune.no>]

Sendt: 23. august 2018 12:41

Til: 'Rune.lothe@ikah.no'

Kopi: Jarle Landås; Lisbeth Toppe Alvær

Emne: Avlevering av arkiv Radøy

Hei Rune!

Viser til telefonsamtale og spørsmål om IKAH kan bidra med hjelp til å avlevere arkiv frå Radøy kommune.

Det er i hovudsak papirarkiv frå 1992-2014 som skal avleverast og det er gjort ei grovkartlegging av kva arkiv vi har, sjå vedlegg.

I tillegg er det ein del uordna materiale.

I utgangspunktet ønskjer me at IKAH tar ansvar for heile prosessen frå kartlegging til avlevering.

Er dette noko de kan ta på dykk?

Kva krev det av oss?

Kva prisestimat ser de for dykk på dette?

Med helsing

Anne Dahle Austrheim

Leiar kultur- og sørvistorget, Radøy kommune

Tlf 56 34 90 00/ 56 34 90 11



Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.

Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.